

MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 2, juli 2023. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no

Desse breva er i første omgang eit forsøk. Tanken er å lage brev ein gong i månaden med hovudvekt på internasjonalt materiale, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder, om mattilgangen i verda. Me vil skrive om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over.

Temaet for dette nummeret er 2023-rapporten frå FN om mattryggleik. Attåt tek me med litt frå den siste kvartalsrapporten om avlingsnivå og -utsikter i verda dette året, og me skriv om berekraftmålet om å utrydde svolt. Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet, så skriv eller kontakt oss i Internasjonalt utval.

FAO-RAPPORT OM MATTRYGGLEIK

Kvart år gir FAO ut rapporten *The State of Food Security and Nutrition in the World*. Årets rapport kom først i juli, med oppdaterte tal for 2022 og mykje statistisk materiale. Interesserte kan lese eller laste ned rapporten frå FAOs heimesider.

Desse rapportane har eit overordna, globalt perspektiv.

Blant hovudfunna i 2023-rapporten er:

- Omfanget av global svolt ligg langt høgare no enn før CO-VID-pandemien. Det rammar om lag 9,2 % av verdas innbyggjarar, mot 7,9 % i 2019.
- Frå 2021 til 2022 har det vore minimale endringar i talet på underernærte, men nedgang i Asia og Latin-Amerika og vekst i Vest-Asia, Karibia og alle regionar av Afrika.
- Ein stad mellom 691 og 783 millionar menneske levde under sveltegrensa i 2022. Tek me utgangspunkt i gjennomsnittet av desse tala, har talet auka med 122 millionar menneske dei siste tre åra.
- Prognosane framover tyder på at nesten 600 millionar menneske vil vere kronisk underernærte i 2030. Det er om lag 119 millionar fleire enn i eit scenario der korkje pandemien eller krigen i Ukraina hadde funne stad. Krigen i Ukraina har auke prognose-talet med 23 millionar.
- Omfanget av moderat til alvorleg matutryggleik globalt auka


vesentleg frå 2019 til 2020, og har etterpå halde seg stabilt, på i alt 2,4 milliardar menneske eller 29,6 prosent av folkemengda, av desse

900 millionar med alvorleg matutryggleik.

- I dei fleste land rammar matutryggleik kvinner og folk på landsbygda hardest, såleis 33,3




FIGURE 12 STUNTING IN CHILDREN UNDER FIVE YEARS OF AGE AND EXCLUSIVE BREASTFEEDING HAVE IMPROVED AND SOME PROGRESS HAS BEEN MADE ON WASTING, WHILE LOW BIRTHWEIGHT AND OVERWEIGHT IN CHILDREN UNDER FIVE YEARS OF AGE HAVE NOT CHANGED



Figuren viser prosent og tal på barn under fem år med låg fødselsvekt, som får berre brystmjølk, som har unormalt låg kroppslengde, som er underernærte og som er overernærte. Tala er for år 2000, 2012 og 2022.

FIGURE 1 GLOBAL HUNGER REMAINED VIRTUALLY UNCHANGED FROM 2021 TO 2022 BUT IS STILL FAR ABOVE PRE-COVID-19-PANDEMIC LEVELS



Figuren viser tal underernærte 2005-2022. Den orange kurven er prosentar, den blåsvarte er tal i millionar. Dei siste åra før covid-19 låg talet stabilt, og prosenten gjekk ned. Med pandemien og Ukraina-krigen har tala gått snøgt oppover dei siste to-tre åra.

% av dei vaksne i verdas bygder, 28,8 % i halvurbane område og 26 % i urbane område.

- Meir enn 3,1 milliardar menneske, 42 %, var i 2021 ute av stand til å få eit sunt kosthald. Dette er ein auke frå 2019 på 134 millionar.
- Verdstala tyder på at 148,1 millionar barn under 5 år, nesten kvar fjerde, er veksthemma, 45 millionar (6,8 %) er undervektige og 37 millionar (5,6 %) er overvektige. Veksthemming og undervekt er høgast i bygder, medan overvektige barn gjeld fleire i byar.
- Ein noko veksande del av barna som blir fødte, får morsmjølk dei første 6 månadene.
- Ei utfordring er større tilgang på billig, lett-tillaga mat som inneheld mykje feitt, sukker og/eller salt og kan føre til feilernæring og, utilstrekkeleg tilgang på frukt og grønnsaker. Det stengjer også småbønder ute frå verdikjeder og fører med seg tap av vekstjord og naturkapital ved urban vekst.
- Ei grundigare undersøking av 11 afrikanske land viser omfattande bruk av ferdigmat i urbane område. Mange fattige må doble matbudsjettet om dei skal få helsemat i tilstrekkelege mengder.
- Om forbruket av frukt og grønnsaker skal auke i land med barneovervekt, krev det politiske endringar og lovgiving som knyter saman by og bygd.
- Tettare band mellom produsentar og forbrukarar er nøkkelen for å få bukt med dette.


OM UKRAINA-KRIGEN I RAPPORTEN

Då covid-19 ved årsskiftet 2021-22 tok til å miste taket, både ved at færre vart ramma og ved at alvoret i sjukdommen vart mindre, såg utviklinga i matforsyning lysare ut. Men så kom Ukraina-krigen i februar 2022. Dei krigande, Russland og Ukraina, var blant verdas tre fremste globale eksportland for kveite, mais, rapsfrø og solsikkeolje. Dei stod til saman for 19 % av global tilgang på bygg, 14 % av kveiten og 4 % av maisen. Tilgangen på desse sortane basismat vart mindre, og prisane steig. I mars 2022 nådde matprisindeksen til FAO det høgste nivået nokosinne. Dinefr har prisane gått noko ned, men ligg framleis mykje høgare enn før pandemien. Prisane på energi og kunstgjødsl har vorte dobla eller meir enn det.

Land som er avhengige av kornimport og har dårleg økonomi, såleis mange land i Midtausten og Nord-Afrika, blir ramma.

Ukraina og Russland er ramma på

Global food production: how much comes from Ukraine & Russia?, 2019
This is shown for the largest crops grown by Ukraine and Russia.



Source: Calculated by Our World in Data based on the Food and Agriculture Organization of the United Nations OurWorldInData.org/agricultural-production - CC BY

anna vis, dei bruker begge sine yngre menn som soldatar framfor som matprodusentar, og ukrainske åkrar blir minelagde og øydelagde. Dei langsiktige følgjene av dette er enno ukjende.

Blant dei usikre for-

holda som enno ikkje slår ut i FAOs talmateriale, er situasjonen i europeiske land flest. FAO gir færre opplysningar om land med mindre enn 2,5 % underernærte, og stordelen av Europa kjem i den kategorien. Men mange opplysningar tyder på at også desse landa er inne i ein periode med vekst i fattigdom og svolt.

AVLINGSUTSIKTER VÅREN 2023

Først i juli la også FAO fram rapporten *Crop Prospects and Food Situation*. FAO gir ut ein slik rapport fire gonger i året, i april om dei første tre månadene, så i juli, oktober og januar neste år. Rapportane tek for seg avlingsnivå og -utsikter, utviklingstrekk og hjelpebehov for land og verdsdelar. Rapporten handlar såleis primært om andre kvartår 2023 og utsikter framover, og naturleg nok denne gongen for den nordlege halvkula med sommar no meir enn for den sørlege. Følgjene av den sterke varmen som har ramma både asiatiske og europeiske land den siste tida, blir altså ikkje vurderte før i neste rapport.

Dei globale utsiktene denne våren var ein vekst i kornproduksjonen globalt jamført med 2021 (2022-tal er enno usikre) på litt over 1 prosent, eller noko meir enn folkeveksten. Utviklinga jamført med 2021 var som tala under viser:

- Asia + 1,1 %,
- Afrika - 0,7 %
- Sentral-Amerika og Karibia + 0,1 %
- Sør-Amerika - 0,6 %,
- Nord-Amerika + 9,4 %,
- Europa - 1,3 %
- Oseania - 30,7 %
- Verda + 1,1 %

ASIA I Aust-Asia er det rekordhøg kveiteproduksjon, og utsiktene for andre kornsortar ser positive ut, men som nemnt er utslaga av heitebølgjene dei siste vekene ikkje vurderte.

8 asiatiske land har ifølgje FAO behov for ekstern mathjelp. Blant dei er store land som Bangladesh og Pakistan. Omfanget av matproblem i Nord-Korea er uvisst. I Sri Lanka sviktar kornavlingane, og matprisane har stige mykje. I Jemen er (FAO bruker her

IPC Acute Food Insecurity Analysis som kjelde) over halve befolkninga i matkrise. Myanmar er herja av politisk uro, som også rammar matforsyninga.

AFRIKA Tørke gir små kveiteavlingar i Nord-Afrika, medan kornavlingane i sør blir over gjennomsnittet, trass i sykklonar og tørke. I Aust-Afrika har regn øydelagt 2023-avlingar av korn, etter to år med omfattande tørke som har svekka mattilgangen vesentleg. Den blir meir svekka av konfliktar, særleg i Sudan. I Vest-Afrika har gunstige vêrforhold styrka matutsiktene, men konfliktar rammar også der produksjonsomfanget.

Kombinasjonen av ekstremvêr gjennom fleire år, konfliktar og stordrift frå andre land og verdsdelar gjer at stordelen av Afrika etter FAOs vurdering har behov for mathjelp utanfrå. Heile 33 land kjem i den kategorien, sjå lista i høgre spalte. 5,4 millionar kenyanarar lever under sveltegrensa, 6,6 millionar somaliarar, 24,4 millionar i Den demokratiske republikken Kongo, 20,1 millionar etiopiarar og 24,9 millionar nigerianarar, for å nemne nokre av dei mest dramatiske tala.

LATIN-AMERIKA OG KARIBIA Langvarig tørke har redusert produksjonen i Argentina, der maisavlingane truleg blir langt mindre enn normalt. I Brasil har derimot etterspørselsvekst drive opp maisplantinga, og produksjonen er venta å setje ny rekord. I Sentral-Amerika og og like eins Karibia har lite regn redusert kornproduksjonen, på Haiti har akutt matmangel vorte endå verre på grunn av sivil utryggleik, vald og økonomisk nedgang.

Samla avlingar i verdsdelen er noko over det normale, med gode mais- og kveiteavlingar i Brasil som det utslags-

AFRICA (33 countries)

- Burkina Faso
- Burundi
- Cameroon
- Central African Republic
- Chad
- Congo
- Democratic Republic of Congo
- Djibouti
- Eritrea
- Eswatini
- Ethiopia
- Guinea
- Kenya
- Lesotho
- Liberia
- Libya
- Madagascar
- Malawi
- Mali
- Mauritania
- Mozambique
- Namibia
- Niger
- Nigeria
- Senegal
- Sierra Leone
- Somalia
- South Sudan
- Sudan
- Uganda
- United Republic of Tanzania
- Zambia
- Zimbabwe

ASIA (9 countries)

- Afghanistan
- Bangladesh
- Democratic People's Republic of Korea
- Lebanon
- Myanmar
- Pakistan
- Sri Lanka
- Syrian Arab Republic
- Yemen

LATIN AMERICA AND THE CARIBBEAN (2 countries)

- Haiti
- Venezuela (Bolivarian Republic of)

EUROPE (1 country)

- Ukraine

givande. Land som Bolivia og Chile er ramma av tørke. Kornavlingane i Mellom-Amerika ligg på normalnivå, men Haiti er hardt ramma av uro og tørke.

NORD-AMERIKA. Kanada har hatt ein vesentleg auke i kveiteproduksjon etter prisauke. I USA tyder dei siste tala på mindre kveiteproduksjon enn

normalt, men meir mais. Samla sett stig avlingane.

OSEANIA får ein sterk avlingsnedgang i 2023 på grunn av tørke.

EUROPA Kornveksten byrja bra, men følgjene av heiteperioden i Mellom- og Sør-Europa dei siste vekene er enno

ikkje fullgodt vurderte. Russland og Ukraina er også usikre.

FNs BÆREKRAFTMÅL OM Å UTRYDDE SULT

Etter omfattende forarbeid ble 17 bærekraftsmål vedtatt av organisasjonens 193 medlemsland på organisasjonens 70-årsjubileum 25.27. september 2015. ”Vi beslutter, mellom nå og 2030, å utrydde fattigdom og sult over alt, å bekjempe ulikhet innenfor og mellom land, å bygge fredelege, rettferdige og inkluderende samfunn, å verne menneskeretter og fremme kjønnslikhet og myndiggjøring for kvinner og jenter, og å sikre varig vern av planeten og dens naturressurser”, heter det i resolusjonen som fulgte vedtaket.

Bærekraftsmål 1 er å utrydde fattigdom

Bærekraftsmål 2 er å utrydde sulen, oppnå matsikkerhet og bedre ernæring, og fremme bærekraftig landbruk.

Bærekraftsmål 13 er å stoppe klimaendringene: Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringene og konsekvensene av dem, nr. 14 er å bevare livet i havet på en måte som fremmer bærekraftig utvikling, nr. 15 gjelder livet på land, å ”beskytte, gjenopprette og fremme bærekraftig bruk av økosystemer, sikre bærekraftig skogforvaltning, bekjempe ørkenspredning, stanse og reversere landforringelse samt stanse tap av artsmangfold”.

Bærekraftsmål 2 Utrydde sult konkretiserte FN slik:

2.1) Innen 2030 utrydde sult og sikre alle mennesker, særlig fattige og personer i utsatte situasjoner, inkludert spedbarn, tilgang til nok, trygg og sunn mat hele året

2.2) Innen 2030 utrydde alle former for feilernæring, og innen 2025 nå de internasjonalt avtalte målene som omhandler veksthemming og avmagring hos barn under fem år, og ivareta ernæringsbehovene til unge jenter, gravide, ammende kvinner og eldre personer

2.3) Innen 2030 doble produktiviteten og inntektene til småskala matprodusenter, særlig kvinner, urfolk, familiebruk, husdyrnomader og fiskere, blant annet gjennom sikker og lik tilgang til jord, andre produksjonsressurser og innsatsmidler, kunnskap, finansielle tjenester, markeder og muligheter for verdiøkning og for sysselsetting utenfor landbruket

2.4) Innen 2030 sikre at det finnes bærekraftige systemer for matproduksjon, og innføre robuste metoder som gir økt produktivitet og produksjon, som bidrar til å opprettholde økosystemene, som styrker evnen til tilpasning til klimaendringer, ekstremvær, tørke, oversvømmelse og andre katastrofer, og som gradvis bedrer arealenes og jordas kvalitet

2.5) Innen 2020 opprettholde det genetiske mangfoldet av frø, kulturplanter, husdyr og beslektede ville arter, blant annet gjennom veldrevne og rikholdige frø- og plantesamlinger nasjonalt, regionalt og internasjonalt, og fremme tilgang til og en rettferdig og likeverdig fordeling av de goder som følger av bruk av genressurser og tilhørende tradisjonell kunnskap, i tråd med internasjonal enighet

2.A) Blant annet gjennom bedre internasjonalt samarbeid øke investeringene i infrastruktur på landsbygda, i forskning og veiledningstjenester innenfor landbruket, i teknologiutvikling og i genbanker for planter og husdyr, med sikte på å forbedre produksjonskapasiteten i landbruket i utviklingsland, særlig i de minst utviklede landene

2.B) Korrigere og hindre handelsrestriksjoner og vridninger på verdens landbruksmarkeder, blant annet gjennom en parallell avvikling av alle former for eksportsubsidier på landbruksvarer og alle eksporttiltak med tilsvarende effekt, i samsvar med mandatet for Doha-runden

2.C) Vedta tiltak for å sikre at råvare- og derivatmarkedene for matvarer er velfungerende og legge til rette for rask tilgang til markedsinformasjon, blant annet om matreserver, for å begrense ekstreme svingninger i matvareprisene

